

PROTOKOLL
FRA
ÅRSMØTE
I
ETNE ELEKTRISITETSLAG SA

Ordinært årsmøte i Etne Elektrisitetslag SA vart halden den 15. mai 2017 kl 1900 på Etne Elektrisitetslag sitt kontor i Etne.

Bjarne Sævereid opna møtet og gjekk gjennom sak 01/16 Opning av møtet, val av møteiar.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt. Møteiar for årsmøte 2016: Bjarne Sævereid.

Bjarne Sævereid tok opprop over dei frammøtte medlemmene.

Følgjande medlemmer var møtt opp: Bjarne Sævereid, Gunnar Melkeraaen, Sigbjørn Tjelmeland, Unni Matre, Elisabeth Lothe Nervik, Lars Jørgen Stålesen, Gunnvor Nervik, Tora Lilledal, Wenche Irene Strand Drange, Torstein Kristiansen, Kjersti Handeland Skogen, Leif Grindheim, Olav Sølvsberg, Jan Erik Fedje, Gisle Sørheim, Arnfinn Tesdal og Odfrid Tesdal, Alf Birkenes og Jostein Osnes

Følgjande medlemmer møtte med fullmakt frå andre medlemmer:

Olav Sølvsberg med fullmakt frå Ingebrigt Sølvsberg

Einar Arefjord med fullmakt frå Iben A. Johnsen

Frå administrasjonen møtte: Bjarne Sævereid, Elisabeth Lothe Nervik, Einar Arefjord

Frå styret møtte: Sigbjørn Tjelmeland, Unni Matre, Gunnvor Nervik, Lars Jørgen Stålesen, Wenche Irene Strand Drange og Torstein Kristiansen

Frå valnemnda møtte: Tora Lilledal, Alf Birkenes og Kjersti Handeland Skogen.

Til handsaming låg:**Sak 1 – Opning av møtet, val av møteleiar.**

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:
Møteleiar for årsmøte 2016: Bjarne Sævereid.

Valet var samrøystes

Sak 2 – Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det var ingen merknadar til innkallinga til årsmøtet eller saklista, og møteleiaren erklærte årsmøte for lovleg satt.

Innkalling og sakliste blei samrøystes vedtatt.

Sak 3- Val av 2 personer til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar etter framlegg frå valnemnda.

Vedtak: Kjersti Handeland Skogen og Jostein Osnes blei samrøystes valt

Sak 4 – Godkjenning av årsmelding og rekneskap for 2016.

a) **Årsmelding:** Styret si årsmelding for 2016 vart godkjend som EEL si årsmelding for 2016.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

b) **Årsrekneskap 2016:** Styret sitt framlegg til årsrekneskap vart godkjend som EEL sitt årsrekneskap for 2016.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt

c) **Disponering:** Årsresultatet for 2016 på kr. 3,66 mill vert lagt til eigenkapitalen

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt

Sak 5 – Godkjenning av revisjonsgodtgjersle

Revisjonsrelatert tenester for 2016 utgjer kr. 70.000,- .

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt

Sak 06 - Endring av vedtekter for Etne Elektrisitetslag SA

Det ble satt fram forslag om å endre § 3 iht nedenstående framlegg.

§3 Føremål

Føretaket sitt føremål er å fremja medlemmene sine økonomiske interesser gjennom ved anten:

- a) produsera, overføra, utveksla og omsetja elektrisk energi, og/eller
- b) levere varer og tenester knytt til kommunikasjons- og informasjonsteknologi, samt
- c) delta i eller samarbeida med andre føretak med same eller liknande føremål, og/eller
- d) driva annan forretning som naturleg kan knytast til føretaket sitt føremål eller utnytting av føretaket sine resursar og

- e) å stimulere til gjennomføring av ENØK-tiltak.

Det blei stemt. 11 stemmer for og 6 stemmer mot. Det krevst 4/5 fleirtal.

Vedtak: Framlegg til vedtak blei ikkje vedteke.

Det ble satt fram forslag om å endre § 4 iht nedenstående framlegg.

§ 4 Medlemskap

Personar og verksemder som er sluttbrukarar av elektrisk energi kan vera medlemmer av føretaket, når dei er kundar anten av samvirkeføretaket eller av eit selskap som samvirkeføretaket eig aleine eller saman med andre samvirkeføretak, når dei samtidig eig eller leier fast eigedom i det området som per 1.1.2017 utgjer gamle Etne kommune og Kyrping.

Medlemskap i føretaket er ein personleg rett og kan ikkje overdragast.

To eller fleire fysiske / juridiske personar kan ha eit medlemskap i føretaket saman. Dei må i så fall oppnemna ein av dei til å representera seg overfor føretaket.

Medlemskap føreset at vedkommande medlem har føretatt eitt – og berre eitt – andelinnskot på kr. 600 (seks hundre). Andelinnskotet, som skal godskrivast føretaket si eigenkapital, skal ikkje forrentast, men skal betalast tilbake når medlemskapen opphøyrer.

Det skal ikkje betalast medlemskontingent i føretaket.

Eit medlemskap fell bort når vilkåra for å vera medlem ikkje lenger er oppfylte. Medlemskap fell også bort når det føreligg slike omstende som går fram av samvirkelova §§ 22-24 (utmelding mm.).

Det blei stemt. 10 stemmer for, 9 stemmer mot og 1 blank. Det krevst 2/3 fleirtal.

Vedtak: Framlegg til vedtak blei ikkje vedteke.

Det ble satt fram forslag om å endre § 5 iht nedenstående framlegg.

§ 5 Bruk av overskotet for året

Overskot kan, som alternativ til overføring til føretakets eigenkapital, nyttast til:

- a) etterbetaling til medlemmene, jf samvirkelova § 27,
- b) avsetning til etterbetalingsfond, jf samvirkelova § 28 og
- c) avsetning til medlemskapitalkonti, jf samvirkelova § 29.

Vedtak om bruk av overskotet for året som oppgitt i fyrste ledd, blir vedtatt av årsmøtet etter forslag frå styret. Det kan ikkje vedtas å bruke eit høgare beløp enn det styret føreslår eller godtar, men årsmøtet kan sjølv bestemma bruken innanfor de nemnde rammer.

Det blei stemt. 10 stemmer for og 8 stemmer mot. Det krevst 2/3 fleirtal.

Vedtak: Framlegg til vedtak blei ikkje vedteke.

Det ble satt fram forslag om å endre § 13 iht nedenstående framlegg.

§13 Oppløysing

Vedtak om oppløysing av føretaket skal skje med minst 4/5 fleirtal av dei avgjevne stemmer på årsmøtet.

Ved oppløysing av føretaket skal eventuell overskytande kapital etter at alle medlemskapitalkonti er gjort opp, overførast til ein allmenntillegelig stiftelse som skal opprettast i samsvar med stiftelseslova og som skal ha som formål å fremja allmenntillegelige tiltak innan det området som per 1.1.2017 utgjer gamle Etne kommune og Kyrping..

Det blei stemt. 18 stemmer for og 2 blanke stemmer. Det krevst 2/3 fleirtal.

Vedtak: Framlegg til vedtak blei vedteke.

Sak 7 – Val

Etter framlegg frå valnemnda vart følgjande valt til nytt styre:

Styremedlemmer:

Sigbjørn Tjelmeland, ikkje på val
Nils Barthol Flatebø, ønsket ikkje gjenval: Martin Fitje valt for 2 år
Wenche Irene Drange ikkje på val
Gunnvor Nervik, ikkje på val
Unni Matre, på val: Valt for 2 år
Lars Jørgen Stålesen, på val: Valt for 2 år
Torstein Kristiansen (valt blant dei tilsatte), valt for 2 år
Nestleiar vert valt internt i styret.

Vara medlemmer til styret:

Linda S. Jørgensen 1. vara. På val: Valt for 2 år
Alf Ove Birkenes, 2. vara. Ny: Valt for 1 år.
Gunnar Melkeraaen (valt blant dei tilsatte), ikkje på val.

Vedtak: Val av styremedlemmer og vara medlem var samrøystes valt.

Wenche Irene Drange vart samrøystes valt til styreleiar for 1 år.

Val av valnemnd:

Etter framlegg frå valnemnda vart følgjande valnemnd valt:
Kjersti Skogen ikkje på val
Leif Grindheim, Ny: Valt for 1 år
Tora Lilledal, på val: Valt for 2 år
Leiar i valnemnda: Tora Lilledal internt valt for 1 år

Vedtak: Valet var samrøystes.


Sak 8 – Fastsetjing av godtgjersle for tillitsvalde

Etter framlegg frå valnemnda førelåg forslag om nye satsar.



Møtegodtgjørsle til styret og valnemnda blir auka med 2% frå 01.01.2017.
Reiser/opphald etter statens reiseregulativ.

Vedtak: Framlegg til vedtak blei samrøystes vedtatt.

Meir førelå ikkje til handsaming. Møtet vart heva.



Bjarne Sævereid
Møteleiar



Elisabeth Lothe Nervik
Referent.